



50 kom for å høyra om hjartestartar

**50 tok imot invitasjonen og møtte fram i Aktivitetshuset då Damevennene i kveld tillyste ope møte om dei 2 hjartestartarane som dei har finansiert og fått på plass. Det gode frammøtet var eit positivt signal om at uskedelingane er bevisst på å ta dette livreddande apparatet i bruk i kritiske situasjonar. Sigurd Brattetveit frå Hjertevakten var ein dyktig pedagog då han orienterte om bruken. og huset sin leiar Bjørn Olav Tveit leia møtet.**

Tveit minte om at hjartestartaren som er plassert i foajeen i huset er berekna brukt der og at dette ikkje alltid er ope. Det er derimot personalrommet i Hagetunet der den andre startaren står.

Tveit minte også om at det ikkje er knytta nokon form for beredskap til startarane. Dei må med andre ord hentast. Godt er det difor å veta at det ikkje er mogeleg å gjera feil under bruken fordi apparatet sjølv forklarar framgangsmåten. etter kvart.

Brattetveit streka under kor viktig tidsmomentet er: Hvis ein får hjarteproblem i Aktivitetshuset og blir behandla med startaren innan eitt minutt er det 80 prosent sjanse for å få igang att hjarta. For kvart minutt som går blir det 10 prosent mindre sjanse til det. Men det første ein skal gjera før ein hentar startaren er å ringa 113.

Med omsyn til batteriet held det til 100 sjokk og ein treng ikkje å skifta det før etter 5 år. Då seier det ifrå sjølv.

Brattetveit gjennomførte ei realistisk øving med hjelp av eit treningsapparat og med Anita Ænes frå Damevennene som hjelpar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sigurd Brattetveit med ein trenings-startar